



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2323
Gry Walle, 5557 2332
Elnaz Golshany, 5557 2330

201107294- 20 700
2010 03723 -
201200 275 -
201103056 -
200802343 -
2010 04105 -
2011 03053
201103955

201107080
2009 06842
201001617
20110802-

Vår dato
05.07.2013
Dykkar dato
11.04.2013

Vår referanse
2012/13128 561
Dykkar referanse
11/7294

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til bygging av 13 småkraftverk på Folgefonnhalvøya

Folgefonnområdet har nasjonale og regionale verdier knytte til natur og landskap, fjellområde, friluftsliv, reiseliv og inngrepsfrie område. Tidlegare kraftutbygging og mangelfulle konfliktvurderingar gjer det utfordrande å vurdere samla belastning på natur- og miljø.

Fylkesmannen fremjar motsegn til utbygging av Øvre Alsaker kraftverk, Breisete kraftverk, Auno kraftverk, Børsdalselva kraftverk og overføring av Sitautevatn til Valedalen kraftverk.

Fylkesmannen frarår utbygging av Sæverhagen kraftverk, Vassendelva kraftverk, Tveddal kraftverk og Valedalen kraftverk ut frå framlagte konsesjonssøknader. Vi ber NVE gjere ei samla vurdering av omfanget av utbygging i Herand, Jondalselva, Omvikedalen og Uskedalen.

Fylkesmannen viser til samla høyring på bygging av tretten nye småkraftverk i Ullensvang, Jondal og Kvinnherad kommunar på Folgefonnhalvøya. I høyringsbrevet ber NVE om vurdering av kvar einskild søknad og ei samla vurdering av alle sakene.

Høyringa omfattar utbyggingsprosjekt i to delområde på vestsida av halvøya frå Utne til Valen, medan området Kysnes - Mauranger – Rosendal ikkje er inkludert i «pakken». I dette området ligg det i dag mange småkraftverk. Samla forvaltning av vassdragsnaturen på Folgefonnhalvøya føreset at ein tek heile området med i vurderingsgrunnlaget.

Nedanfor følgjer kort oversyn over omsøkte prosjekt og våre konklusjonar.

PROSJEKT	INNST EFFEKT	PROD GWh/år	INON-TAP daa	TILRÅDING FRÅ FM
Ullensvang herad				
Øvre Alsaker	6,0	19,1	240 sone 1 3300 sone 2	Motsegn. Konflikt med landskap og friluftsliv og INON

Jondal kommune				
Grimeelvi	2,0	5,2		Rår til samla vurdering i Herand
Sæverhagen	4,6	13,3	-	Frarår ut frå landskap. Må vurdere samla verknad for Herand.
Brattebølvi	4,6	12,4	-	Ingen særlege merknader
Krossdalselvi	4,93	19,8	-	Bør vurderast ut frå samla belastning på Jondalselva
Vassenden	1,71	6,8	0,02 km ²	Frarår ut frå omsyn til friluftsliv
Breisetete	2,9	8,88	-	Motsegn. Konflikt med landskap og friluftsliv
Tveddal	502	13,3	-	Frarår. Rår til samla vurdering av vassdraget.
Kvinnherad kommune				
Auno	0,68	2,6	-	Motsegn. Konflikt med anadrom fisk
Tverrelva	4,95	20,43	2500 sone 2	Ingen særlege merknader
Børsdalselva	4,6	17,1	5700 sone 2 (alt 1) 1300 sone 1	Motsegn. Konflikt med landskap, friluftsliv og INON
Eikeelva	2,3	6,5	298 (2,8 ¹) sone 1 802 (13) sone 2	Ingen særlege merknader
Valedalen	1,6	9,0 / 7,4	-	Frarår Må vurdere samla verknad for landskap og friluftsliv
Sitautevatn		1,6	2900 sone 1 3100 sone 2	Motsegn. Konflikt med landskap, friluftsliv og INON

Overordna føringar og grunnlag for å vurdere samla belastning

Nasjonale føringar

Verna vassdrag på vestsida av Folgefonnhalvøya omfattar Æneselva og Furebergselva, som begge ligg i området mellom omsøkte utbyggingsprosjekt i Jondal og Kvinnherad.

Områda innafor Folgefonna nasjonalpark med fire tilliggjande landskapsvernområde er verna mot større, nye arealinngrep. Verneområda er ein dokumentasjon på dei store naturverdiane i sentrale område rundt brekappa og dalføra i området. Urørt natur, vassdrag, bre, fjell, biologisk mangfold, geologi og kulturminne er sentrale verneformål. Verneområda er og viktig for naturoppleving og friluftsliv.

Folgefonnhalvøya er eit prioritert område innan utvikling av reiselivsnæring, med nasjonal og regional satsing. Fleire nasjonale verdiskapningsprogram er basert på verdiane i nasjonalparken og randsona til denne, som Nasjon turistveg, Jondal nasjonalparklandsby, verdiskapningsprosjektet "Naturarven som verdiskapar" med fleire.

Fylkesdelplan for små kraftverk i Hordaland viser verdien av mellom anna fjordlandskapet, sårbart høgfjell, inngrepsfrie naturområde, friluftsliv og reiseliv, biologisk mangfald og fiskeinteresser. Planen er bygd på OED sine nasjonale retningslinjer og konkretisert for

¹ INON-tap etter fråtrekk frå verknader av eksisterande landbruksveg.

Hordaland fylke. Planen omtaler i alt 14 delområde, inndelt etter utbyggingspotensialet, felles nedbørsfelt eller landskapsrom som høyrer saman.

Dei omsøkte utbyggingsprosjekta ligg i tre ulike delområde: Delområde 8 – Samlafjorden (prosjekta i Ullensvang og Herand i Jondal), delområda 10 – Strandeabarm-Jondal (prosjekta i Krossdalen, Jondal) og delområde 12 – Rosendal-Husnes (prosjekta i Kvinnherad).

I fylkesplanen er delar av Hardangerfjorden karakterisert som det ypparste og mest eineståande fjordlandskap vi har, med internasjonal verdi (klasse A). Friluftsliv og opplevingsverdiane er *store* i einskilde delområde, i dalføre og i fjordlandskapet elles. Delområde 8 har *stor verdi* som sårbart høg fjell, fjordlandskap, friluftsliv og reiseliv, delområde 10 har 12 *stor verdi* for fjordlandskap og reiseliv, og delområde 12 har *stor verdi* for sårbart høg fjell, fjordlandskap, reiseliv og inngrepsfri naturområde.

Verdisettinga i fylkesdelplanen må gi føringar i konsesjonshandsaminga.

Eksisterande kraftverk

Store deler av vassdragsnaturen på Folgefonnhalvøya er utbygd gjennom tidlegare konsesjonar. Dei mest omfattande prosjekta på halvøya er Sunnhordland Kraftlag si mangeårig utbygging i Blåfalli og Statkraft si utbygging av Folgefonnverka. Nokre utbyggingar går langt attende i tid, som Hattebergvassdraga, Valedalselva og Blåvatnet (regulert til industri-forsyning).

Dei siste åra har det i tillegg skjedd ei betydeleg utbygging av småvassdrag. Mange er bygd med konsesjonsfritak, men mange er så store at dei har vore gjennom konsesjonshandsaming. NVE har utarbeidd eit kart som gir grovt oversyn over alle prosjekta. Kartet viser at det er bygd eller gitt løyve til rundt 30 småkraftverk på vestsida av Folgefonnhalvøya mellom Utne og innløpet av Matrefjorden. Om ein tek med heile Folgefonnhalvøya, er talet langt høgare.

Det er sannsynleg at det på sikt vil bli fremja nye utbyggingsprosjekt i tillegg til dei som no er på høyring. Fylkesmannen vil oppmode NVE å gjere ei samla vurdering av Folgefonnhalvøya. Vurdert mot andre interesser i området er det viktig å finne eit akseptabelt omfang av samla vassdragsutbygging i regionen.

Mangelfullt kunnskapsgrunnlag og undervurdering av konfliktnivå

Det er eit gjennomgåande problem at mange av dei framlagte søknadene har for lite dokumentasjon av naturverdiar, særleg når det gjeld friluftsliv, landskap og opplevingsverdi. Tynt kunnskapsgrunnlag fører til dårlege konfliktvurderingar og til at søknadene ikkje gir tilstrekkeleg grunnlag for vedtak. I fleire saker uttaler Fylkesmannen at viktige natur- og miljøverdiar er undervurderte.

Mangelfulle konfliktvurderingar gjer det og utfordrande å vurdere samla belastning på natur og miljø. Fylkesmannen legg til grunn at NVE ikkje vil opne for inngrep som undergraver heilskapen i dei nasjonale og internasjonale naturkvalitetane på Folgefonnhalvøya.

I merknadane våre har vi trekt fram tema som vi meiner er relevante for vurderinga av naturverdiane i dei ulike utbyggingsprosjekta og for samla belastning.

Omtale av dei einskilte søknadane

Øvre Alsaker kraftverk, Ullensvang

Dagens situasjon og omtale av prosjektet

Eksisterande kraftverk i nedre del av Alsakerelvi, Ytre Alsaker kraftverk, har inntak på kote 220 og kraftstasjon nær RV 550 på kote 6.

Omsøkt utbygging i øvre del av vassdraget vil nytte fallet frå Kumlevatn på kote 661 ned til kote 305. Kumlevatn ligg i eit ope fjellterreng med naturleg utløp i nord. Elva går i eit fossefall med høgde om lag 50 m ned i Bergsgjelet, som saman utgjer markerte landskapselement i det opne fjellandskapet. Elva renn vidare i slakare landskapsrom mot skogområda mot fjorden.

Det er planlagt inntak i Kumlevatnet ved å stenge naturleg elveutløp med ein to meter høg og 15 lang terskel. Driftsvassvegen vert ein kombinasjon av borehol/sjakt (150 m), tunnel (450 m) og nedgrave røyrgate (1700 m).

Det går ein skogbilveg om lag 400 m forbi området for planlagt kraftstasjon. Det er vert ny permanent veg fram til kraftstasjonen, bru for å krysse elv og ny veg langs heile røyrkata. Lengda på desse vegane er ikkje oppgitt i søknaden. Men om den skal følgje røyrkata til tunnelpåhogget, vil den eine vert om lag 1700 m. Tiltaket vil krevje permanent deponi på om lag 6 daa til tunnelmasser i området for påhogg.

Det er ikkje funne andre egna utbyggingsløyningar enn den som er omsøkt.

Søkjar si omtalte av verknader på natur og miljø

Utbygging vil føre til tåp av inngrepsfri natur på 240 daa INON-område sone 1 og 3300 daa sone 2, noko som ifølgje søkjar gi *middel negativ* konsekvens på INON. I søknaden står det mellom anna at tiltaket er dårleg tilpassa elveløpet som landskapselement, og at dette vil vere særleg synleg i fossefallet og i Bergsgjelet.

Det er ikkje er funne raudlisteartar i området, men tre viktige naturtypar, ei fosseeng, ein gråor-heggeskog og ei slåtteeng. Slåtteenga har gått ut av bruk, og det er ikkje funne sjeldne artar her. Røyrkata er planlagt nært opp til gråor-heggeskogen. Konsulenten konkluderer med *middels negativ konsekvens*.

Fylkesmannens vurdering

Alsakerelvi var høgt vurdert i samband med supplering av verneplan for vassdrag². Av ulike grunner vart vassdragsvernet ikkje vidareført, men vurderinga er likevel ein dokumentasjon på høge kvalitetar i området.

Tiltaket strekk seg høgt til fjells og vil føre til eit betydeleg tap av inngrepsfri naturområdet i nordre del av Folgefonna halvøya. Fylkesmannen meiner omfanget av INON-tapet er uakseptabelt, og at inngrepet fører til irreversible inngrep i markerte landskapsområder ved Kumlevatnet og i Bergsgjelet og i områda elles.

² St. pr. nr. 75 (2003-2004) Supplering av Verneplan for vassdrag.

Søknaden sin omtale av konsekvensane på landskapet, friluftsliv og opplevingsverdi er etter Fylkesmannens oppfatning rotete og lite fagleg basert. Dei fysiske inngrepa i landskapet er ikkje synleggjorte, og dei negative verknadene for lokale og regionale naturverdiar, friluftsliv, landskap er undervurderte.

Fjellområdet med tilhøyrande vassdragsnatur har store kvalitetar, med lokal og regional verdi for friluftsliv og oppleving. Det ligg tre stølsområde langs vassdraget, fem – sju hytter ved Kumlevatn. Det er fleire turstiar i området, og det er bygd bruer over elva, mellom anna ved Kumlevatn.

Fylkesmannen meiner det ikkje må opnast for ny kraftutbygging inne i dei høgtliggjande fjellområdet på Folgefonnhalvøya, og viser til verdiomtale i fylkesdelplanen.

Konklusjon

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Øvre Alsaker kraftverk kraftverk ut frå konflikt med landskap, friluftsliv og INON.

Kraftutbygging i Jondal kommune

Øvste del av nedslagsfeltet til vassdraga i Jondal er tidlegare overført til Jukla og Mauranger kraftverk gjennom bygging av Folgefonnverka.

Søknad om utbygging av Herand kraftverk ligg til handsaming i NVE. I Fylkesmannens uttale av 28. februar 2011 peiker vi på at Herand er ein viktig del av Hardangerfjorden, og at NVE må sikre godt vurderingsgrunnlag for samla belastning av vassdragsnaturen.

Eksisterande kraftverk i Jondalselva omfattar Eidesfossen kraftverk og Haugafossen kraftverk i hovudvassdraget og Støldalselv kraftverk i sidevassdraget. Det er og ein gamal regulering i Vassendvatnet. Det vert no søkt om fem nye kraftverk i vassdraget.

Fylkesmannen ber NVE gjere ei samla vurdering av alle søknader som gjeld same vassdrag.

Grimeelvi kraftverk, Jondal

Dagens situasjon og omtale av prosjektet

Grimeelva er eit sidevassdrag til Storelva, der det tidlegare er omsøkt utbygging av Herand kraftverk frå Fodnasetvatnet.

Inntaket er planlagt på kote 550, og det er lagt fram to alternativ. Det vert anleggsveg fram til inntaket og permanent veg fram til kraftstasjonen.

Søklar si omtalte av verknader på natur og miljø

Grimeelvi er omtala som eit vassdrag utan markert landskapselement, og konsekvensen er sett til *middels negativ*.

Fylkesmannens vurdering

Fylkesmannen vil peike på at Grimeelvi har eit fossefall som er synleg i landskapsrommet ovanfor Herandvatnet. Med den omsøkte utbygginga vil dette landskapselementet forsvinne eller bli mindre markant.

Bygda og kommunen har gjennom fleire år arbeidd målretta med utvikling av reiselivs- og opplevingsprodukt knytt til kulturlandskap, natur og kultur. Dei dokumenterte verdiane i bygda bør vektleggjast. Fylkesmannen vil peike på at naturoppleving knytt til bruk av turveggar og stiar i området er viktig for å sikre heilskapen i naturopplevinga.

Utbygging av *alle* dei omsøkte kraftverka vil etter vår oppfatning føre til at landskapet vert tappa for sentrale opplevingsverdiar og landskapskvalitetar. Fleire fossefall vil forsvinne eller bli langt mindre synlege og dramatiske, og oppleving av urørt natur vil bli berørt gjennom bygging av røyrgrater og vegar. Isolert sett vil truleg utbygging v Grimeelvi representere mindre inngrep enn framlagte alternativ for Herand kraftverk.

Konklusjon

Fylkesmannen frarår full utbygging av alle omsøkte prosjekt i Herand. Bygging av Grimeelvi må vurderast saman med planar for Herand kraftverk og Sæverhagen kraftverk. Samla verknader på landskap og opplevingsverdiar må vektleggjast.

Sæverhagen kraftverk, Jondal

Dagens situasjon og omtale av prosjektet

Omsøkt kraftverk vil nytte eit fall på 73,5 m frå inntaket i Herandsvatnet ned til kote 2. Det ligg i dag ein terskel ved utløpet av Herandsvatnet ovafor brua over Storelvi og ein dam på tolv meter nedanfor brua. Eit settefiskanlegg i området har også Herandsvatnet som ferskvasskjelde.

Vassvegen til kraftverket vil bli 685 m langt og lagt langs nordsida av elva. Det er og planlagt ein alternativ trase i nedre del. Kraftstasjonen vil ha utløp i Storelvi ca. 100 m før ho renn ut i Hardangerfjorden.

Søkjær si omtale av verknader på natur og miljø

Søkjær peiker på at prosjektet ligg i eit område med særleg rikt kulturlandskap, med autentisk bygningsmiljø, sagbruk og kverndrift, som representerer spanande lokalhistore. Søkjær meiner landskapet i Herandsbygda har regionale verdi.

Fylkesmannens vurdering

Omsøkt utbygging ligg midt i Herandsbygda, i eit område med mange arealinngrep, som bygningar, vegar, bruer, settefiskanlegg mm.

Fylkesmannen vil likevel peike på at elva med fosselandskapet utgjer eit svært sentralt og verdifullt landskapselement i bygda. Utbygging vil vere svært negativt for opplevingsverdien, då fosselandskapet vil bli redusert eller forsvinne.

Konklusjon

Fylkesmannen frarår utbygging av Sæverhagen kraftverk. Søknaden må vurderast saman med dei andre utbyggingsprosjekta i Herand.

Brattebørelva kraftverk, Jondal

Dagens situasjon og omtale av prosjektet

Kraftverket vil nytte eit fall på 265 m frå kote 605. Røyrgrata er om lag 2400 m lang og vil bli nedgravd. Det er og planlagt inntak av eit mindre felt (Bodmyrdalen) frå sør. Inntaket vert

lagt ovafor kryssingspunktet mellom elva og ein tursti. Utbygging vil krevje mellombels veg langs røytraseen, men ingen nybygging eller oppgradering av eksisterande vegar.

Fylkesmannens vurdering og konklusjon

Fylkesmannen har ingen særlege merknader til utbygging av Brattebølelva kraftverk.

Vi legg til grunn at omsyn til landskap og opplevingsverdi vert innarbeidd i konsesjonsvilkåra på vanleg måte.

Krossdalselvi kraftverk, Jondal

Dagens situasjon og omtale av prosjektet

Vassdraget er prega av overføring og regulering frå Folgefonnutbygginga. Vatn frå Dravladalsvatnet, Jukladalsvatnet, Heimstre Revavatnet og Skarvabottvatnet er nytta i kraftverka i Jukla og Mauranger.

Inntak er planlagt på kote 325 og kraftstasjon på kote 166. Vassvegen vil gå på austsida av Krossdalselva, blir om lag 1600 m lang, der 100 m går i tunnel, resten i grøft. Det blir 150 m ny veg fram til kraftstasjonen og 220 m ny veg frå Molve gard til tunnelpåhogget.

Søklar si omtale av verknader på natur og miljø

Søknaden viser *liten – middels negativ konsekvens* for biologisk mangfald. Det er registrert to lokalitetar med viktig naturtyper, bekkekløft og gråor-heggeskog med C-verdi.

Fylkesmannens vurdering

Søklar viser til at Jordalens landskapsestetiske uttrykk ikkje vert vesentleg påverka av utbygginga, då berørt elvestrekning ikkje er synleg frå vegen. Det er i dag ikkje utvikla gode metodar for å vektleggje eigenverdien ved urørt eller dramatisk vassdragsnatur. På bakgrunn av det store talet på kraftverk i Jondalselva sett under eitt, bør NVE vurdere om Krossdalselva bør sparast for inngrep.

Konklusjon

Fylkesmannen har ingen særlege merknader til bygging av Krossdalelva kraftverk, men ber likevel NVE vurdere utbygging opp mot samla belastning av Jondalselva.

Vassendelva kraftverk, Jondal

Dagens situasjon og omtale av prosjektet

Vassendvatnet er i dag regulert, utan pålagt minstevassføring. Nytt kraftverk skal nytta fallet frå reguleringsmagasinet i vatnet, kote 440 ned til stasjon på kote 133. Det er planlagt å byggje på eksisterande dam med nytt inntak. Det går i dag skogsbilveg fram til dammen, men det vil vere trong for ny veg fram til området vest for dammen. Vassvegen vert 2510 m og blir nedgravd.

Søklar si omtale av verknader på natur og miljø

Ny veg til inntaket vil føre eit mindre INON-tap i sone 2 på 0,02 km². Søklar viser til at områda rundt og på Vassendvatnet er populære utfartsområde. Dei legg til grunn at omsyn til brukarinteresser vert ivareteke ved foreslått minstevassføring.

Fylkesmannens vurdering

Vassendvatnet har klåre kvalitetar for allsidig og lokal friluftsutøving, og området er lett tilgjengeleg for store brukargrupper. Det ligg fleire hytter og turveggar i området.

Utbygginga vil føre til at bygging av nye tekniske inngrep, ved inntaksdam, vegar og røyr-gate. Søkjar hevder at dagens regulering vert vidareført, og at det ikkje blir endringar i neddemt areal i høve til dagens situasjon. Slik Fylkesmannen forstår situasjonen, vil utbygginga kunne føre til nedtapping som vil kunne bli problematisk for landskap og opplevingsverdi.

Omsynet til landskaps- og friluftsinteressane er ikkje godt nok dokumentert i søknaden. Konfliktvurderingane er etter vår oppfatning undervurderte, og det er ikkje godt nok grunnlag for å gjere vedtak i saka.

Konklusjon

Fylkesmannen frarår utbygging av Vassendelva kraftverk ut frå omsyn til friluftsliv og landskap.

Tveddal kraftverk og Breisete kraftverk, Jondal

Utbygging i vassdraget og omtale av prosjekta

Utbygging gjeld eit sidevassdrag til Jondalselva, som møter hovudelva ved Byrkjeland. I nedre del av vassdraget ligg Støldalselva kraftverk som har inntak ved Tveddalsstølen. Det går i dag veg på begge sider av vassdraget. I samband med utbygging av Støldalselv kraftverk vart det bygd veg langs røyr-gata på austsida av elva. Ifølgje konsesjon frå NVE skulle vegen fjernast etter utbygging. Jondal kommune vedtok i ettertid å oppretthalde vegen som «skogsbil- og landbruksveg».

Etter Fylkesmannens vurdering framstår inntaksområdet og veganlegget for Støledalen kraftverk i dag som unødvendig stort og med dårleg landskapstilpasning.

Framlagte planar omfattar bygging av to nye kraftverk i vassdraget. Breisete kraftverk ligg øvst med inntak og røyr-gatet frå Nipevatn. Tveddal kraftverk har inntak på Breisete og kraftstasjon ved Tveddalstølen, rett ovafor inntaket til Støldalselva kraftverk.

Fylkesmannens vurdering

Utbygging av Tveddal og Breisete må vurderast ut frå kor stort mykje dette sidevassdraget kan tole av utbygging. Dalføret og fjellområda omkring vert nytta i samband med lokalt friluftsliv, og har store kvalitetar, ikkje minst knytte til dei to stølsområda Tveddal og Breisete.

Bygginga av to nye kraftverk vil endre vassdragsnaturen og turområdet og føre til at også øvre del av dalføret vert prega av utbygging. Tveddal kraftverk vil berøre strekninga ovafor Tveddalsstøl, og føre til oppgradering av vegen, truleg i stil med vegen bygd for Stølsdalelva kraftverk. Opplevingsverdiane knytt il natur- og kulturhistoriske verdiar i området vil bli negativt påverka.

Breistølen har eit heilt særeigen og fint stølsmiljø. Vegen slutter i dag ved stølen. Omsøkte utbygging vil flytte grensa for større tekniske inngrep innover i fjellet, inn til Nipevatnet.

Søknadene gir ikkje eit utfyllande skildring av utbygginga. Kart og bilde er nærast uleselege. Dei nye inngrepa er ikkje visualiserer eller omtalte. Fylkesmannen meiner at konflikt med landskap og friluftsliv er undervurdert og at framlagte søknader ikkje er godt nok grunnlag for å gjere vedtak.

Føresetnaden for at det skal opnast for meir utbygging i vassdraget, må vere at omsyn til landskap og friluftsliv ligg som ei grunnleggjande premiss for planlegging og gjennomføring.

Konklusjon

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Breisete kraftverk og frarår bygging av Tveddal kraftverk. Det må gjerast ei samla vurdering av omfanget av inngrep i vassdraget ut frå omsyn til landskap, friluftsliv og opplevingsverdi.

Kvinnherad kommune

Det er i dag eit høgt tal småkraftverk i kommunen. Dei påverkar landskap og naturverdiar i ulik grad. Det store talet utbyggingar gjer det vanskeleg å vurdere samla belastning, då relevante data om naturverdiar ikkje er samanstilte. Fylkesmannen oppmodar NVE spesielt om å sjå på summen av inngrepa i Omvikedalen og Uskedalen før ein gjer vedtak om eventuelle nye utbyggingar.

Auno kraftverk, Kvinnherad

Dagens situasjon og omtale av prosjektet

Det er i dag to eksisterande kraftverk i elva, Ilaget Energi AS med årsproduksjon på om lag 0,7 GWh og Tveitelva Kraft AS på om lag 7,88 GWh.

Omsøkt utbygging vil utnytte den nedre delen av Tveitelva. Inntaket er planlagt på kote 135, og nyttar inntaket til eit gammalt vassverk. Utlaupe/kraftstasjon er tenkt på kote 35, like ovafor samløpet med Omvikelva (Storelva). Røyrkata vert om lag 600 m lang. Dei første 20 – 30 m skal sprengast, røyrkata følgjer så gardsvegen ned før ho kryssar fylkesvegen (Fv 40) og held fram til kote 35.

Tiltakshavar har føreslege minstevassføring på 37 l/s. Berekna årsproduksjon er på 2,15 GWh.

Søkjar si omtale av verknader på natur og miljø

Elva renn gjennom plantefelt og jordbruksområde. Det er vegetasjon på begge sider, og elva er lite synleg i landskapet.

Vegetasjonen langs elva er prega av innførte artar og kulturlandskapsartar. Elva reknast ikkje som ei fiskeelv, men har sannsynleg årleg rekruttering av aure. Avbøtande tiltak som blir føreslått er minstevassføring på 37 l/s og tersklar.

I rapporten om biologisk mangfald er det konkludert med at Tveitelva har middels verdi for biologisk mangfald, utbygginga har lite omfang og dei samla konsekvensane er vurdert som lite negative.

Fylkesmannen si vurdering

Søknaden er mangelfull i omtale av fisk. Tveitelva er truleg ein relativt viktig gytebekk for sjøaure i vassdraget. Det er små flekkar med eigna gytegrus på stort sett heile det anadrome strekkje og det er gode oppvekst forhold for ungfisk. Anadrom strekkje i Tveitelva er 1160 m lang.

Det er to småkraftverk lenger oppe i Tveitelva, begge over anadrom strekkje. Auno kraftverk vil føre vatn frå heile anadrom strekkje i Tveitelva. Tiltakshavar legg opp til 37 l/s i minste-

vassføring, noko som er dobbelt av alminneleg lågvassføring. Etter Fylkesmannens syn er ikkje dette tilstrekkeleg til å oppretthalde funksjonen til Tveiteleva som gyte- og oppvekst-habitat for sjøaure.

Bestandane av sjøaure i Hardangerfjorden slit. Vassdraget skil seg ut i regionen (midtre Hardanger) som det einaste med ein god gytebestand av sjøaure. Det er i dag minst seks utbygde kraftverk i vassdraget. Det er viktig at NVE vurderer samla belastning på vassdraget.

Konklusjon

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging av Auno kraftverk av omsyn til sjøaure.

Eikeelva kraftverk, Kvinnherad

Omtale av prosjektet

Ovanfor gardane i nedre del av Eikedalen er vassdraget påverka av ulike tekniske inngrep, som Uskedalen vassverk, plantefelt og ein traktorveg som går opp til Svidhaugen. Tiltaks-havar søker primært alternativ 1 med røyrgatetrase på austsida av elva og inntak på kote 230. Alternativ 2 går med røyrgate på vestsida av elva og har inntak om lag ti meter lågare. Det er planlagt å bygge 1600 m ny veg opp til inntakspunktet. I søknaden blir det vist til at vegen og kan nyttast som skogbilveg for å ta ut skog i området. Planlagt minstevassføring er lik 5-persetil sommar og vinter.

Søklar har ikkje vurdert utbygging med tunnel.

Søklar si omtale av verknader på natur og miljø

Omsøkte utbygging vil saman med søknader i Børsdalelva og Valedalen berøre eit større INON-område rundt fjellmassivet Englafjell/Mjelkhaug/Ulvanosa, aust for Husnes, sjå meir omtale under. Tal for INON-tap som følgje av utbygging i Eikedalen kraftverk vil avhenge av om ein reknar inn verknadene av eksisterande landbruksveg i nedre del av Eikedalen. Konsekvensane for INON-tap er i søknaden sett til *middels*.

Utbygginga vil redusere opplevingsverdien for fotturistar som nyttar oppgangen til det populære turområdet på Englafjell – Mjelkhaug frå Eikedalen. Stien går på vestsida av elva.

Fylkesmannens vurdering

Fylkesmannen vil peike på at tap av INON-område er uheldig og uønskt. Dersom det vert opna for utbygging, må NVE leggje vekt på omsynet til opplevings- og landskapsverdiane gjennom vilkårsfastsetting, minstevassføring og god detaljplanlegging.

Vegplanlegginga må skje i samarbeid med kommunen. Det er viktig å samordne eventuelle planar om skogbilvegar med kraftutbygging for å sikre at det totale omfanget av vegbygging vert redusert mest mogleg.

Konklusjon

Fylkesmannen har ingen spesielle merknader til søknad om bygging av Eikeelva kraftverk. Vi legg til grunn at omsyn til landskap og friluftsliv vert innarbeidd i konsesjonsvilkåra på vanleg måte.

Tverrelva kraftverk, Kvinnherad kommune

Omtale av prosjektet

Tiltaket omfattar inntak og rehabilitering av ein eldre kraftverksdam i Mannsvatnet på 560 moh. Vantet skal regulerast ein meter, opp til nivået då det gamle kraftanlegget var i drift. Etter hovudalternativet vert det inntak i Mannsvatnet, etter alternativ 2 på kote 530. Vassvegen vert bygd som bora tunnel i øvre del, nedgraven rørgate i nedre del og med kraftstasjon på kote 30. Det er søkt om minstevassføring lik 5-prsentil som er 42 l/s om sommaren og 25 l/s om vinteren.

Det går i dag skogsbilvegar på begge sider av vassdraget. Desse kan nyttast i samband med ny utbygging, evt. ved opprusting. Gjennomføring av tiltaket vil likevel krevje forlenging av den nordre vegen 620 m fram til inntaket.

Søklar si omtale av verknader på natur og miljø

Ny utbygging vil føre til eit tap av INON-område sone på 2,5 km² i fjellet mellom Uskedalen og Omvikedalen. Konsekvensane for INON-tap er sett til *middels negativt*. (Den gamle demninga er ikkje medrekna i INON-kartlegginga).

Søklar legg til grunn at rehabilitert demning vil føre til vassnivået vert lik det som var då det gamle anlegget var i drift, og at reguleringa ligg innafor variasjonen i normalvasstanden. Området er mykje nytta i samband med friluftsliv. Søklar meiner heving av vasstanden vil ha positiv verknad for ålmenta si bruk av vatnet til fiske, båtliv etc. God, estetisk utforming av anlegget skal ivareta omsynet til friluftsliv i området.

Rapport om biologisk mangfald viser til *liten – middels negativ konsekvens* for naturtyper, då det er registrert ei bekkekløft med hinnebregne og andre fuktikrevjande moseartar i vassdraget.

Fylkesmannens vurdering

Utbygginga fører til eit stort og merkbart INON-tap, noko som er uheldig. Inntak, rørgate og opprusta veger vil representere nye arealinngrep med lokal påverknad på landskapet og dei som bruker området i samband med friluftsliv. I søknaden er det ikkje lagt fram konkrete opplysningar om lokal bruk av området. Det er difor lite grunnlag for å vurdere eventuell konflikt med friluftsiinteressene.

Konklusjon:

Fylkesmannen har ingen spesielle merknader til søknad om bygging av Tverrelva kraftverk. Vi legg til grunn at omsyn til landskap og friluftsliv vert innarbeidd i konsesjonsvilkåra på vanleg måte.

Børsdalselva kraftverk, Kvinnherad

Omtale av prosjektet

Det er søkt om inntak i Fagerdalsvatnet kote 526, øvst i Børsdalen, eit dalføre som ligg inne i fjellmassivet mellom dei kjente og karakteristiske fjelltoppane Ulvanosi, Geitadalstind og Englafjell. Vatnet skal regulerast fem meter. Vidare vil ein overføre vatnet frå Kvanngrøtjern i vest ved å bygge ei sperredam i enden av vatnet. Elva vil då gå i nytt, kunstig løp over til Børsdalsvassdraget.

Utbygginga er søkt med to alternativ, med kraftstasjon på kote 150 (hovudalternativ 1) eller kote 190 (alternativ 2). For begge alternativ er det søkt om veg opp til kraftstasjonen, men

lengde er ikkje oppgitt. Tiltakshaver vil nytte taubane for bygging av røyrgate og inntaksdam. Terrenget er krevjande, med rasmassar og grov stein som må sprengjast. I alternativ 1 er røyr-gata 2600 m. Demning ved Kvanngrøtjernet må truleg byggjast ved helikopterdrift.

Det er foreslått minstevassføring på 100 l/s om sommaren og 30 l/s om vinteren frå Fagerdalsvatent. Det vil ikkje bli minstervassføring frå Kvanngrøtjern.

Det går i dag veg inn til eit kalkingsanlegg for nedre del av Børsdalelva. Det går og ein skogsveg inn til eit sandtak og eit utrydding lagerområde for maskinar.

Søklar si omtale av verknader på natur og miljø

Utbygging vil ifølgje søknaden ha *stor negativ konsekvens* for tema fauna (ein sensitiv fugleart) og for INON. Også for flora og raudlistearter er konsekvensane *store*. Rapporten viser *stor til middels negativ konsekvens* for mosefloraen, inkludert flaummose (VU) og vasshalemose (VU). Plassering av kraftstasjonen langt ned i vassdraget kan føre til at førekkomsten av dei to raudlisteartane blir sterkt reduserte eller går ut. Søklar har foreslått innføring av simulerte flaumar for å bøte negative verknader for dei fuktkrevjande mosane.

Utbygginga vil gjere eit markert inngrep i eit større INON-område på 52 km² som ligg i det aktuelle fjellmassivet. Store deler av INON-område klasse 1 som i dag er på 7 km² vil bli nedklassifisert til sone 2. Det vil føre til eit stort samla netto bortfallet av INON. Samla vurdering av konsekvensane for landskap og INON er sett til *negativ/stor negativ*. Samla sett meiner søklar at konsekvensane er *positiv* for brukarinteressene, der friluftslivet er medrekna.

Fylkesmannens vurdering

Fylkesmannen meiner tiltaket er konfliktfylt ut frå fleire miljøomsyn. Fleire tema er etter vår oppfatning dårleg dokumenterte og dei negative konsekvensane er undervurderte. Utbygginga vil føre til uakseptable inngrep i INON-områda på halvøya mellom Uskedalen - Husnes – Matrefjorden. Fjellpartiet med Ulvanosi, Geitadalstind og Englafjell er kjente landemerker i området.

Fjellpartiet har regional og nasjonal verdi i samband med friluftsliv og reiseliv. Det går fleire kjente tur- og klatretrasear i området. Omtalen av friluftsliv i søknaden er sparsam og lite relevant. Etter vår oppfatning blir opplevingsverdien av området sterk redusert ved utbygginga, ved demningar, røyrgate og veg, fråføring av vatn frå vassdraget og endring av bekkeløp frå Kvanngrøtjern.

Avbøtande tiltak er ikke tilstrekkeleg for å bøte på negative verknadene. Fylkesmannen meiner det er viktig å sikre den urørte og heilskapelege karakteren til dette fjellområdet.

Konklusjon

Fylkesmannen fremjar motsegn til bygging Børsdalelva kraftverk ut frå omsyn til landskap, friluftsliv og INON-tap.

Valen kraftverk og overføring av Sitautevatn til Valedalsvatn, Kvinnherad

Dagens situasjon og omtale av prosjektet

Første kraftutbygging i vassdraget går attende til 1909. Siste utbygging var Valedalen kraftverk, som fekk konsesjon til utbygging i 2007. Denne utbygginga omfatta overføring av vatn frå Valedalsvatnet på kote 741. Vatnet frå Elvedammen/Stemmelandammen ble ført i røyr-

gate til Svartavatnet. Det ble lagt ny veg fram til Svartatjørn og vidare fram til Elvedammen/Stemmelandsdammen.

Det er i dag ikkje pålegg om minstevassføring frå Vesledalvatnet eller Valedalsdammen. I tørre år kan elva nedafor dammen vere tørrlagt i lengre periodar.

Nytt kraftverk skal nytte fallet frå eksisterande reguleringsmagasin i Valedalvatnet på kote 477 m ned til Stemmelandsdammen på kote 330.

Vassvegen til Valedalen kraftverk blir 1300 m lang og er planlagt lagt på fundamenter dei første 480 m ned berget frå Valedalsvatnet. I hovudalternativet vert det nedgrave røyr 820 m fram til kraftstasjonen ved nordenden av Elvedammen. Det planlagt 150 m ny veg fram til kraftstasjonen, men det går og fram av søknaden at det blir permanent veg langs heile røyr-gatetraseen. I søknaden er det og omtala veg vidare opp til Valedalsdammen ut frå framtidig krav om oppgradering av dammen.

I alternativ 2 er kraftstasjonen lagt lenger opp i vassdraget, kote 370, der terrenget flater ut nedanfor Valedalsvatnet. Det er planlagt veg fram.

Det er planlagt minstevassføring på 25 l/s heile året.

Dette er fremja eigen søknad om overføring av vatn frå Sitautevatn, kote 854 over til Småstølsvatnet som drenerer til Valdedalselva. Sitautevatn høyrer naturleg til Handelandsvassdraget. Overføring frå Sitautevatn skal skje ved å byggje terskel ved utløpet av vatnet og bore 150 m for å føre vatnet i nytt løp mot vest. Det vil bli massedeponering ved Småstølsvatnet. Overføringa vil gi 1, 6 GWh produksjonsauke i prosjektet. Det er ikkje lagt opp til minstevassføring frå Sitautevatn.

Søkjar si omtale av verknader på natur og miljø

Sitautevatn ligg innafor eit større INON-område på 52 km², sjå omtale under Børsdalselva kraftverk. Overføringa vil føre til bortfall av 6 % av dette området, til 49,2 km². I følgje søkjar er verdien av INON-området *stor*, medan konsekvensen for bortfall av INON-områder er sett til *liten negativ*.

Søkjar meiner det vil vere ein positiv effekt at fossen/elva mellom Småstølsvatn og Valedalsvatnet blir meir synleg.

Området vert mykje nytta til friluftsliv, som turgåing og fiske, og fleire stader er det opparbeidd rastsplassar, skilt og liknande. Det er og hytter i område, også inne ved Valedalsvatnet.

I søknaden er verdien for friluftsliv sett til *middel - stor*, medan konsekvensane, til tross for dei omfattande arealinngrepa er sett til *liten negativ*.

Fylkesmannens vurdering

Fylkesmannen er usamd med søkjar si vurdering av konfliktnivået på bortfall av INON-områder. Vi viser til omtale under Børsdalselva kraftverk.

Vidare meiner vi at søkjar undervurderer konsekvensane for friluftslivet. Sitautevatn og Småstølsvatnet ligg i eit ope og nakent fjellandskap og inngrepa vil vere synlege for folk som oppheld seg i området. Søkjar omtaler ikkje dette.

Utbyggingsområdet ligg nær tettstaden Valen og er lett tilgjengeleg for lokalbefolkninga. Spesielt område frå Valdalsvaten og nedover langs vassdraga er mykje brukt. Søkjer legg til grunn at vidare vegbygging og kraftutbygging kan skje utan konflikhtar. Det er ikkje lagt fram utbyggingsalternativ der ein har teke omsyn til natur og landskap.

Plassering om dimensjonar på veg og røyrgate bygd i 2007 er etter det Fylkesmannen kan sjå ikkje i samsvar med konsesjonsvedtak og godkjent detaljplan. Vi har ikkje oversikt over kommunen sine vedtak i saka, men meiner at det ikkje må opnast for ny vegbygging og andre større inngrep i området.

Friluftinteressene må vege tungt ved vurdering av spørsmålet om vidare utbygging i Valedalen. Opplevingsverdien av mest mogleg urørt natur må vere viktig premiss.

Konklusjon

Fylkesmannen fremjar motsegn til overføring av Sitautevatn ut frå landskap og INON-tap. Fylkesmannen frarår vidare kraftutbygging i Valedalen. Omsyn til friluftsliv, landskap og opplevingsverdiar må vektleggjast.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Stein Byrkjeland
fung. miljøvernssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Jondal kommune	Kommunehuset	5627	Jondal
Elvekraft AS			
Sæverhagen kraftverk	NK Småkraft AS v/ Bård Moberg		
Eivind Tvedt	Landavegen 153,	5464	DIMMELSVIK
Kraftkarane AS		5626	KYSNESSTRAND
Sunnhordland Kraftlag	Postboks 24	5401	STORD

Blåfall AS	Blåfall AS, Vollsveien 6, postboks 61	1324	LYSAKER
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Kvinnherad Energi		5464	DIMMELSVIK
Clemens Elvekraft AS	Erteløkka 3	1384	ASKER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	Kinsarvik
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Småkraft AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Kvinnherad kommune	Rådhuset	5470	Rosendal
Kraftkarane AS	Postboks 562	5703	VOSS